

Möt ein FORSKER



Foto: PRIVAT

Fem favoritter

- Hobby:** Fotografering.
- Mat:** Mat eг fangar sjølv eller trøndersodd.
- Film:** Naturfilmar, helst med David Attenborough.
- Bok:** Våre fuglar av Viggo Ree.
- Ting:** Tørdrakta mi.

Audun Rikardsen

professor ved Noregs arktiske universitet



Audun er fotograf og professor i arktisk og marin biologi ved universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet. Han har følgt kval og laks heile verda rundt, sumt med spekkhoggarar og vore bestevenn med ein kvalross.

TEKST: VERA MICAELSEN

Audun forskar på dyr som lever i vatn, og saman med andre forskarar ser han spesielt på korleis og kvar dyra vandrar. – No held vi på med laks og kval. Særleg laksen er vi nysgjerrige på, seier Audun. – Vi set sendarar på laksen, og så følgjer vi med på kvar han sym. Då kan vi endeleg finne ut kvar i havet laksen vandrar når han forlèt elva.

Dykkar djupt

Forskarane har funne ut at laksen vandrar langt, mykje lenger enn det vi trudde før.

– Laksen sym heilt opp mot det kalde vatnet i Barentshavet, ved Svalbard og Grønland, seier Audun. – Før trudde vi laksen heldt seg nesten berre ved overflata, men sendarane våre fann at den nokre gangar dukkar heilt ned mot 1000 meters djup. Men kva han gjer der, er det store spørsmålet, seier Audun. Forskarane lurer på om han kanskje leitar etter mat, om han prøver å finne rette vegen ved å lukte på vatnet, eller ved å bruke jordmagnetisme til å orientere seg.

– Vi veit ikkje alt endå, og det er det som er så spennande! seier Audun.

Glad i naturen

Audun voks opp i Steigen i Nordland, og foreldra tok han med ut og gjorde han interessert i naturen.

– Eg var mykje ute i naturen som liten, seier Audun, og eg likte å dra på fisketur åleine. Eg har alltid vore glad i å fotografare, og det kan eg også bruke no når eg jobbar som forskar.

Nysjerrigper

Allereie som ung visste Audun at han ville jobbe med naturen, og då han studerte på universitetet, skjønte han at han ville bli forskar. – Som forskar får du lov til å undrast og undersøkje ting du lurer veldig på. Ein får vere med på å oppdage nye ting og forstå dyra betre, sånn at vi også kan ta betre vare på dei. Dessutan får eg vere mykje ute i naturen. Det blir litt som ein hobby, seier Audun.



Lesespørsmål til teksten – «Møt ein forskar»

5.–7. trinn



1. Kva jobbar Audun med?
2. Kva slags dyr forskar Audun på?
3. Kva slags utstyr treng Audun i jobben sin?
4. Kva har Audun og dei andre forskarane funne ut om laksen?
5. Kva dyr er Audun saman med på biletet?
6. Kva slags klesplagg er favorittplagget til Audun?
7. Kvifor synest Audun det er gøy å vere forskar?
8. Audun er ikkje berre interessert i artar som lever i vatnet.
Ein stad i teksten får du eit tips om ein annan art han er interessert i.
Kva slags art er det?
9. Kva kan vi bruke laks til?



Ord og omgrep å snakke om

forskar

fotograf

arktis

marinbiolog

kval

laks

kvalross

spekkhoggar

å vandre

ein sendar

Barentshavet

tørrdrakt



Learn English

scientist

photo

arctic

marine biologist

whale

salmon

walrus

Killer whale

to migrate

a bearing

Barents Sea

dry suit